



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 22.11.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 219/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 220/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 221/16	Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2017
PS 222/16	Betaling for meklarpakkar/eigedomssopplysningar 2017
PS 223/16	Orienteringssaker
OS 181/16	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
OS 182/16	Kommunereform
OS 183/16	Status anbudsprosess lokale NAV Ørsta/Volda

PS 219/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 220/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2016/1833

Arkivkode: 231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
221/16	Formannskapet	22.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

BETALINGSSATSAR I SFO, KULTURSKULE OG BARNEHAGAR 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2017:

Sentrum: pr månad i 11 månader : 1-3 dagar pr. veke : kr 1 740,-
: 4 dagar pr. veke : kr 2 270,-
: 5 dagar pr. veke : kr 2 800,-

Matpengar pr månad : 1-3 dagar pr. veke : kr 111,-
: 4 dagar pr. veke : kr 163,-
: 5 dagar pr. veke : kr 205,-

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 080,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 120,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2017:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1800,-

Pr semester for instrumentleige : kr 260,-

Pr semester for materiell i kunstsulen : kr 260,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/diplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austeffjord barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 550,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

Vedleggsliste:

Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016

Saksopplysningar/fakta

Skulefritidsordning

Jfr. opplæringslova § 13-7, skal kommunen ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årsteg og for born med særskilde behov på 1. – 7. årsteg. I lova heiter det at kommunen kan krevje utgiftene dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.


Volda kommune har gode skulefritidsordningar, og kommunen tilbyr tenesta ved alle barneskulane. Volda kommune har også differensierte tilbod dei føresette kan velje mellom, noko som også er kostnadsdrivande. KOSTRA-tal viser også at det berre er Vanylven kommune som har rimelegare skulefritidsordning av dei omliggande kommunane. Dette i sum gjer at det er langt frå at foreldrebetalinga dekker kommunen sine utgifter til drift av ordningane.

Ei samanlikning av netto driftsutgifter til skulefritidstilbod mellom kommunar på Søre-Sunnmøre og kostragruppe 11 viser følgjande:

Volda	8888
Vanylven	6236
Ulstein	4004
Herøy	1120
Sande	6576
Hareid	2275
Kostragr 11	4397

*netto driftsutgifter til skulefritidstilbod (215), pr innbyggjar 6-9 år (2015)

I KS konsulent sin KOSTRA-analyse vert det peika på at Volda kan ha noko å hente i forhold til å regulere SFO-satsane.



Tabell henta frå KS konsulent sin rapport

Ei samanlikning av satsen for foreldrebetaling viser følgjande:

Kommune	Foreldrebetaling 20 t/v
Vanylven	1980
Herøy	2315
Volda	2270
Sande	2611

Ulstein	2894
Ørsta	2638
Hareid	2580

*Foreldrebetaling SFO: Vekentleg oppholdstid 20 timar, i kroner pr måned (2015)

Volda kommune må ta grep for å redusere netto driftsutgifter til SFO. I denne omgang vert det rådd til ein auke i foreldrebetalinga på 15 %.

Det vert vidare rådd til at satsen for enkelttimar vert frå kr 70,- til kr 120,-

Samanlikna med andre kommunar ligg Volda kommune i øvre sjikt når det gjeld matpengar (kr 205,-). Til samanlikning er prisen for heil plass i Ørsta kommune kr 155,- og Ulstein kommune kr 100,-. Administrasjonen rår difor til å halde matpengane uendra.

Kulturskulen

Musikk- og kulturskuletilbod er heimla i opplæringslova § 13-6 der det heiter at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Ein føreset at tilbodet delvis vert finansiert gjennom foreldrebetaling.

Ei samanlikning av elevkontingenten i kulturskulane i nokre omliggande kommunar viser:

Kommune	Årspris	% moderasjon	Moderasjon gjeldande
Herøy	3300	25 % / 75 % / fri	Frå elev og instrument 2, 3 og 4
Hareid	3080 (frå 01.01.16)	15 %	Frå elev og instrument nr 2
Ørsta	3100	25 %	Frå elev nr 3
Volda	3400	25 %	Frå elev nr 2 og instrument nr 2

Administrasjonen ser det som viktig at kulturskulen skal vere tilgjengeleg for alle barn i kommunen. Høge avgifter kan vere med på å støyte elevar vekk, og det er ein av grunnane til at betalingssatsen har vore uendra sidan 2013. Sjølv om Volda kommune framleis ligg noko over andre omliggande kommunar, rår administrasjonen til at elevbetalinga vert auka for å halde tritt med løns- og prisveksten.

Barnehagane

Regjeringa foreslår å vidareføre maksimalpris for foreldrebetaling i barnehage på same reelle nivå som i 2016. Maksimalpris for ein heiltidsplass blir då kr 2 730 og kr 30 030 pr år. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Volda kommune krev foreldrebetaling i barnehage tilsvarande maksimal pris på nasjonalt nivå.

Foreldrebetaling vert fastsett i tråd med *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*. Det står i §1 i *Merknad til Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*, at foreldrebetaling for eit deltidstilbod skal settast lågare enn foreldrebetaling for eit heildagstilbod. Deltidstilbod er avtalt oppholdstid under 41 timer per veke. Barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare prisen for eit deltidstilbod skal vere.

Administrasjonen rår til at matpengane vert auka i tråd med prisveksten.

Syskenrabatt

Kommunen skal syte for at føresette med meir enn eitt barn i barnehage, får reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal og privat barnehage. Syskenrabatt omfattar sysken som bur fast saman.

Det vert gitt 30 % syskenrabatt for barn nr 2 og 50 % syskenrabatt for barn nr 3 og fleire.

Reduksjon i foreldrebetaling

Ordninga med gratis kjernetid i barnehage for alle 3-, 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt blir vidareført. Frå 1. august 2017 er inntektsgrensa foreslått sett til kr 428 000.

Ordninga med rimelegare barnehageplass for familiar med låg inntekt vert også vidareført. Denne ordninga inneber at ingen familiar betalar meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. I 2017 vil hushaldningar med inntekt under kr 500 500 etter søknad ha rett til redusert foreldrebetaling.

Vurdering og konklusjon:

Med den føreslegne auken i foreldrebetalinga for SFO, vil drifta av ordningane kome nærare balanse. Volda kommune har ei desentralisert skulefritidsordning som er fleksibel for brukarane. Dette gjer at ordninga er kostnadskrevjande, og det er naudsynt å auke inntektene for å kome nærare balanse i drifta. Matpengane i SFO er noko høgare i Volda kommune samanlikna med andre kommunar, og administrasjonen rår difor til å halde matpengane uendra.

Elevbetalinga i Kulturskulen har vore uendra sidan 2013. Ein av grunnane er at Volda har har vore mellom dei dyraste av dei omliggande kommunane. Kostnaden med drifta har stige som ein konsekvens av lønsvekst, og det er administrasjonen si vurdering at elevkontigenten må aukast frå 01.08.2017.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Skular med skulefritidsordning
Kommunale og private barnehagar
Kulturskulen
Økonomiavdelinga
Rekneskap
Opplæring og oppvekst
Servicekontoret

Klageinstans:

BETALINGSSATSAR I SFO, KULTURSKULE OG BARNEHAGAR 2016

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:

<i>Sentrum: pr månad i 11 månader</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 516,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 977,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 442,-</i>

<i>Matpengar pr månad</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 111,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 163,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 205,-</i>

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 1 810,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:

<i>Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper</i>	<i>: kr 1700,-</i>
<i>Pr semester for instrumentleige</i>	<i>: kr 250,-</i>
<i>Pr semester for materiell i kunstskenen</i>	<i>: kr 250,-</i>

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Austeffjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Solli barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

<i>Pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 580,-</i>
<i>Matpengar pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-</i>

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016

(med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

<i>Pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-</i>
<i>Pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-</i>

<i>Matpengar pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-</i>
---	---

<i>Matpengar pr. månad i 11 månader</i>	<i>: 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 280,-</i>
---	--

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/2309
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
222/16	Formannskapet Kommunestyret	22.11.2016

BETALING FOR MEKLARPAKKAR/EIGEDOMSOPPLYSNINGAR 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar gjeldande frå 01.01.2017:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
<i>1-7 dagar</i>	<i>kr. 2.015,-</i>
<i>8-10 dagar</i>	<i>kr. 1.425,-</i>
<i>11 dagar eller meir</i>	<i>kr. 530,-</i>

Saksopplysningar/fakta:

Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune, i det dei viser til eiendomsmeglerloven § 3-6 (1) pkt. 8 og ber om eigedomsopplysningar. Opplysningane skal i hovudsak nyttast til presentasjon av eigedomar til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningane som til ei kvar tid er å finne i kommunen sitt arkiv, etter fast oppsett skjema. Det er eit klart mål å ekspedere opplysningane snarast råd, for på den måten yte rask og god service og sikre inntektene.

Satsane for 2016 har vore:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
1-7 dagar	kr. 1.965,-
8-10 dagar	kr. 1.390,-
11 dagar eller meir	kr. 518,-

Opplysningar som vert gjeve:

- Godkjende teikningar
- Byggeløyver
- Bruksløyve/ferdigattest evnt mellombels bruksløyve
- Målebrev/skylddeling
- Situasjonkart
- Tomtehistorikk
- Reguleringsplan med vedtekter
- Kommunale avgifter, herunder også eigedomsskatt
- Eventuell restansar (ubetalte krav)
- Opplysningar om tilknytning offentleg eller privat vatn og kloakk
- Opplysningar om vegtilkomst
- Opplysningar om eigedomen har vassmålar/ikkje vassmålar

Den føreslegne auken er i tråd med den forventa løns- og prisauken på om lag 2,5%.

Økonomiske konsekvensar:

Gebyrauken vil kompensere for forventa løns- og prisvekst.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at betalingssatsen for meklarpakkar/eigedomssopplysningar blir auka i tråd med den forventa løns- og prisauken.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret for oppdatering av informasjon på heimeside

PS 223/16 Orienteringssaker

OS 181/16 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020

OS 182/16 Kommunereform

Ber om at denne vert sendt ut som orienteringssak for formannskapet.

Mvh

Rune

Fra: Hjelseth, Tore [mailto:Tore.Hjelseth@nav.no]
Sendt: 10. november 2016 14:42
Til: Wenche Solheim; Rune Sjurgard
Kopi: Veland, Stein Atle; Vassbotn, Kjetil Atle
Emne: Status anbudsprosess lokaler NAV Ørsta/Volda

Hei

En kort statusoppdatering i forbindelse med anskaffelse av lokaler til NAV Ørsta/Volda.

Vi mottok tilbudsinstruks, romprogram og behovsanalyse fra NAV Ørsta/Volda i forrige uke. Saken vil bli tatt opp i vårt eiendomsforum førstkommende mandag og vi vil deretter sende dokumentene videre til Arbeids- og velferdsdirektorat for godkjenning. Når de godkjente dokumentene kommer i retur fra direktoratet, så er vår plan at vi umiddelbart kan lyse ut konkurransen. Hvis ingen ukjente tidstyver bidrar, så har vi et håp om at dette kan skje i løpet av medio desember.

Hvis spørsmål, nøl ikke med å ta kontakt.

Med vennlig hilsen

Tore Hjelseth

rådgiver

NAV Møre og Romsdal

☎: 70 32 09 42 // 901 25 402

www.nav.no